

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK



FISKERI- STATISTIKK 1981

FISHERY STATISTICS 1981

STATISTISK SENTRALBYRA
CENTRAL BUREAU OF STATISTICS OF NORWAY

NORGES OFFISIELLE STATISTIKK B 366



FISKERISTATISTIKK
1981

FISHERY STATISTICS
1981

STATISTISK SENTRALBYRA
OSLO – KONGSVINGER 1983

ISBN 82-537-1886-1
ISSN 0333-3728

FORORD

Denne publikasjonen er meint å gi eit samla statistisk oversyn over fiskerinæringa, der det er teke med eit utval av tilgjengeleg statistikk. For sjøfiske gir publikasjonen tal for fiskarar, fiskebåtar, fangst, støtteordningar og økonomisk resultat. Vidare har publikasjonen med tal for fiske av laks og sjøaure og for fiskeoppal. For fiskeforedlingsindustrien er det med statistikk som viser talet på bedrifter, sysselsette og økonomiske hovudtal. Publikasjonen har og med tal for eksport og import av fisk og fiskeprodukt.

For område som er dekkja av andre publikasjonar, er det i Fiskeristatistikk teke med berre nokre hovudtal. For desse områda viser vi til publikasjonane som er nemnde i vedlegg 9.

Hovudvekta i publikasjonen fell på fangststatistikk. Frå og med årgangen 1977 er mengdetala i dei fleste fangsttabellane gitt i rund vekt i staden for fersk vekt (råfiskvekt), som vart nytta tidlegare. Vidare er lengdemåla i tabellane over fiskebåtar gitt i meter mot tidlegare i fot.

Fram til 1977 gav Fiskeridirektoratet ut denne publikasjonen. 1977-årgangen var den første Statistisk Sentralbyrå gav ut. Fiskeridirektoratet utarbeider framleis ein stor del av tabellane til publikasjonen.

Konsulent Hans K. Østereng har stått for arbeidet med publikasjonen.

Statistisk Sentralbyrå, Oslo, 31. januar 1983

Arne Øien

Svein Lasse Røgeberg

PREFACE

This publication presents a statistical survey of the fishing industry which comprises a sample of accessible statistics. From the sea fisheries the publication presents statistics of fishermen, fishing boats, catches, governmental subsidies and economic results. It also includes statistics of the salmon and sea trout fishery, rearing of fish, the fish processing industry and external trade of fish.

On some subjects which are covered by other publications, this publication gives only some main figures. We refer to the publications listed in annex 9.

The main subject in this publication is catch statistics and it is important to notice some changes from previous publications. Thus, since 1977 catch figures are given in live weight instead of fresh weight, and the length of the boats is given in metres instead of feet.

The publication was issued by The Directorate of Fisheries until 1977. The 1977-issue was the first one published by the Central Bureau of Statistics. The Directorate still produces a considerable part of the tables in the publication.

The publication has been prepared under the supervision of Mr. Hans K. Østereng.

Central Bureau of Statistics, Oslo, 31 January 1983

Arne Øien

Svein Lasse Røgeberg

INNHALD

	Side
Figurregister	7
Tabellregister	8
1. Fiskarar og båtar	13
1.1. Innleiing	13
1.2. Statistiske kjelder	14
1.3. Definisjonar	15
2. Fangsten	30
2.1. Innleiing	30
2.2. Avtalar og fangstreguleringar	30
2.3. Statistiske kjelder	36
2.4. Definisjonar	37
3. Tilverking, eksport og import	109
3.1. Innleiing	109
3.2. Statistiske kjelder	109
4. Lønsemd, totalrekneskap, statstilskott m.m.	122
4.1. Innleiing	122
4.2. Statistiske kjelder	122
 Vedlegg	
1. Hovudgrupper av fiskeslag	133
2. Fiskeslag etter definisjon av fersk vekt	135
3. Omrekningsfaktorar	137
4. Fangstområde. Nordaustlege Atlanterhav	139
5. Fangstområde. Nordvestlege Atlanterhav	141
6. Varegruppe i tabellane om eksport og import	143
7. Sjødyr omsett til enkelte språk	145
8. Plansje over noen sjødyr	149
9. Publikasjonar som er nytta som kjelde for tabellar i Fiskeristatistikk 1981	151
10. Adresseliste for fiskerisjefar og kommunale fiskerirettleiarar	153
 Utkomne publikasjonar	
Tidlegare utkome innan emneområdet	155
Publikasjonar sende ut frå Statistisk Sentralbyrå sidan 1. januar 1982	156
Standardar for norsk statistikk (SNS)	162

Standardteikn i tabellar

- . Tal umogleg (ulogisk)
- .. Oppgåve manglar
- : Tal kan ikkje offentleggjerast
- Null
- 0 Mindre enn 0,5 av den brukte eininga
- 0,0 Mindre enn 0,05 av den brukte eininga
- * Førebels tal

CONTENTS

	Page
Index of figures	10
Index of tables	11
1. Fishermen and fishing boats	16
1.1. Introduction	16
1.2. Sources	16
1.3. Definitions	17
2. The catch	38
2.1. Introduction	38
2.2. Agreements and catch regulations	38
2.3. Sources	40
2.4. Definitions	42
3. Processing, exports and imports	110
3.1. Introduction	110
3.2. Sources	110
4. Profitability, fishing-national accounts, subsidies etc.	123
4.1. Introduction	123
4.2. Sources	123
 Annexes	
1. Main groups of fish species	133
2. Fish species by definition of fresh weight	135
3. Conversion factors	137
4. Fishing grounds. North-East Atlantic	139
5. Fishing grounds. North-West Atlantic	141
6. Commodity groups in the tables of exports and imports	143
7. Marine animal species translated	145
8. Card over some marine animals	149
9. Publications which have been used as source for tables in Fishery Statistics 1981	151
10. Addresses to the main county offices and the local information offices in the fisheries	153
 Publications	
Previously issued on the subject	155
Publications issued by the Central Bureau of Statistics since 1 January 1982	156
Standards for Norwegian Statistics (SNS)	162

Explanation of Symbols in Tables

- . Category not applicable
- .. Data not available
- : Not for publication
- Nil
- 0 Less than 0.5 of unit employed
- 0.0 Less than 0.05 of unit employed
- * Preliminary figures

FIGURREGISTER

	Side
1. Fiskarar etter fiske som leveveg. 1948, 1960, 1971 og 1975	18
2. Fangstmengd etter hovudgruppe av fiskeslag. 1961 - 1981	43
3. Verdi etter hovudgruppe av fiskeslag. 1961 - 1981	44
4. Fangstmengd og -verdi, etter fylke. 1981	45
5. Fangstmengd og -verdi, etter bruken av fangsten, i prosent av totalfangst. 1981	46
6. Fiskeoppal. Slakta mengd av laks og regnbogaure. 1971 - 1981. Tonn rund vekt	47
7. Lønsevne og arbeidsgodtgjering for heilårsdrivne båtar over 40 fot. Gjennomsnitt pr. båt. 1970 - 1981. 1 000 kr	124

TABELLREGISTER

	Side
<u>1. Fiskarar og båtar</u>	
1. Fiskarar etter fiske som leveveg. 1971 - 1981	19
2. Fiskarar etter fiske som leveveg. Fylke. 1981	19
3. Fiskebåtar etter båttype og lengste lengd. 1976 - 1981. 31. desember	20
4. Fiskebåtar etter båttype og lengste lengd. Fylke. 1981	22
5. Fiskebåtar og tonnasje, etter båttype. Fylke. 1981	22
6. Fiskebåtar etter byggjeår, båttype og lengste lengd. 1981	24
7. Trålkonsesjonar og deltakande trålarar i konsumtrålfisket, etter fylke/trålargruppe. 1978 - 1981	25
8. Reke-trålkonsesjonar. Båtar med og utan fryseri, etter båtens bruttotonnasje. Fylke. 31. desember 1981	26
9. Ringnotbåtar med konsesjon, etter båtens lastekapasitet (etter konsesjon). Fylke. 31. desember 1981	28
<u>2. Fangsten</u>	
10. Fangstmengd og -verdi, etter hovudgruppe av fiskeslag. 1960 - 1981	48
11. Total fangstmengd etter bruken. 1960 - 1981	50
12. Prisindeks for fisk mv. ved sal frå fiskar. 1971 - 1981	51
13. Fangstmengd etter fangstreiskap og fiskeslag. 1981. Tonn rund vekt	52
14. Fangstmengd av ulike fiskeslag, etter leveringstilstand. Omrekningsfaktorar til rund vekt. 1981	54
15. Fangstmengd og -verdi, etter bruken av fangsten og fiskeslag. 1981	56
16. Fangstmengd og -verdi, etter leveringsmånad og fiskeslag. 1981	60
17. Fangstmengd etter leveringsmånad og fangstområde. 1981. Tonn rund vekt	64
18. Fangstmengd og -verdi, etter hovudgruppe av fiskeslag og fangstområde. 1981	68
19. Fangstmengd og -verdi, etter hovudgruppe av fiskeslag og båttype. 1981	72
20. Fangstmengd og -verdi, etter hovudgruppe av fiskeslag og ilandføringsstad. Kommune. 1981	74
21. Fangstmengd etter fiskeslag og ilandføringsstad. Fylke. 1981. Tonn rund vekt	86
22. Verdi av fangsten etter fiskeslag og ilandføringsstad. Fylke. 1981. 1 000 kr	90
23. Fangstmengd og -verdi, etter leveringsmånad og salslag. 1981	92
24. Fangstmengd og -verdi, etter hovudgruppe av fiskeslag og båtens heimstad. Fylke. 1981	94
25. Fangstmengd og -verdi av lodde, etter båtens heimstad. Fylke. 1981	95
26. Fangstmengd av lodde etter ilandføringsfylke og fangstområde. 1981. Tonn rund vekt ...	96
27. Trålfangstar etter fiskeslag og fangstmånad/fangstområde. 1981. Tonn rund vekt	97
28. Fangstmengd og -verdi for båtar med ringnotkonsesjon, etter lastekapasitet (etter konse- sjon)/heimstadsfylke. 1981	98
29. Skreifisket i Lofoten. Bruken av fangsten og deltaking. 1970 - 1981	100
30. Vårfisket i Finnmark. 1975 - 1981	101
31. Småkvalfangsten. 1968 - 1981	102
32. Selfangsten. 1976 - 1981	103
33. Samla fangst av laks. 1966 - 1981. Tonn rund vekt	104
34. Samla fangst av laks fiska innafor fiskerigrensa, etter storleik/fylke. 1974 - 1981. Tonn rund vekt	104
35. Fiskeoppal. Anlegg med slakt av laks og/eller regnbogeare og slakta mengd. Fylke. 1971 - 1981	105
36. Verdsfangsten av fisk etter hovudgruppe av fiskeslag. Tal for viktige land. 1979 - 1980. 1 000 tonn	106
37. Verdsfangsten av fisk etter bruken. 1972 - 1980. Mill. tonn rund vekt	108

3. Tilverking, eksport og import

38. Bedrifter og sysselsette innan fiskeforedling, etter næringsundergruppe. 1974 - 1980 ...	111
39. Bedrifter, sysselsette, bearbeidingsverdi mv. innan fiskeforedling, etter næringsundergruppe. Fylke. 1980	112
40. Produksjon av fiskevarer i store bedrifter, etter næringsundergruppe og varegruppe. 1980. Mengd og verdi	114
41. Eksport av fiskeprodukt etter kjøparland og varegruppe. 1981. Mill. kr	116
42. Eksport av fiskeprodukt. Mengd og verdi for dei 3 viktigaste kjøparlanda for kvar varegruppe. 1981	118
43. Import av fiskeprodukt etter dei viktigaste importlanda og varegruppe. 1981. Mill. kr	120

4. Lønsemd, totalrekneskap, statstilskott m.m.

44. Nasjonalrekneskapstal for fiske og fangst. 1976 - 1981. Mill. kr	125
45. Totalrekneskap for fiske. 1976 - 1981. Mill. kr	126
46. Driftsresultat for heilårsdrivne båtar over 40 fot. 1970 - 1981	127
47. Driftsresultat for heilårsdrivne båtar over 40 fot, i ulike driftsformer. 1981. Gjennomsnitt pr. båt	127
48. Utbetalt statstilskott etter hovudpostar. 1965 - 1981. Mill. kr	130
49. Kjende utlån til fiske og fangst pr. 31. desember. 1975 - 1981. Mill. kr	132
50. Førebel's erstatningsordning for skade på reiskap mv. som følgje av oljeverksemda på kontinentalsokkelen. 1976 - 1981	132

INDEX OF FIGURES

	Page
1. Fishermen by fishery as source of livelihood. 1948, 1960, 1971 and 1975	18
2. Catch by main group of fish species. 1961 - 1981	43
3. Value by main group of fish species. 1961 - 1981	44
4. Quantity and value of catch, by county. 1981	45
5. Quantity and value, by disposition of the catch, as a percentage of total catch. 1981	46
6. Rearing of fish. Slaughtered quantity of salmon and rainbow trout. 1971 - 1981. Tons live weight	47
7. Earning capacity and work compensation for whole-year operated fishing boats over 40 feet. Average per boat. 1970 - 1981. 1 000 kroner	124

INDEX OF TABLES

	Page
<u>1. Fishermen and fishing boats</u>	
1. Fishermen by fishery as source of livelihood. 1971 - 1981	19
2. Fishermen by fishery as source of livelihood. County. 1981	19
3. Fishing boats by type of boat and longest length. 1976 - 1981. 31 December	20
4. Fishing boats by type of boat and longest length. County. 1981	22
5. Fishing boats and tonnage, by type of boat. County. 1981	22
6. Fishing boats by building year, type of boat and longest length. 1981	24
7. Trawl licences and participating trawlers, by county/trawler group. 1978 - 1981	25
8. Licences for deep water prawn-trawling. Boats with and without cold storage plant, by tonnage. County. 31 December 1981	26
9. Purse seine boats with licence, by cargo capacity (according to licence). County. 31 December 1981	28
<u>2. The catch</u>	
10. Quantity and value of catch, by main groups of fish species. 1960 - 1980	48
11. Total catch by disposition of the catch. 1960 - 1981	50
12. Price index for first hand sales of fish. 1970 - 1981	51
13. Catch by fishing gear and fish species. 1981. Tons live weight	52
14. Catch of fish species, by condition by landing. Conversion factors to live weight. 1981	54
15. Quantity and value of catch, by disposition of the catch and fish species. 1981	56
16. Quantity and value of catch by landing month and fish species. 1981	60
17. Catch by landing month and fishing ground. 1981. Tons live weight	64
18. Quantity and value of catch, by main group of fish species and fishing ground. 1981 ..	68
19. Quantity and value of catch, by main group of fish species and type of boat. 1981	72
20. Quantity and value of catch, by main group of fish species and place of landing. Municipality. 1981	74
21. Catch by fish species and place of landing. County. 1981. Tons live weight	86
22. Value of catch by fish species and place of landing. County. 1981. 1 000 kroner	90
23. Quantity and value of catch, by month of landing and the fishermen's co-operative trading. 1981	92
24. Quantity and value of catch, by main group of fish species and place of registration of the boat. County. 1981	94
25. Quantity and value of capelin catch, by place of registration of the boat. County. 1981	95
26. Catch of capelin by county of landing and fishing ground. 1981. Tons live weight	96
27. Trawl catches by fish species and catch month/fishing ground. 1981. Tons live weight	97
28. Quantity and value for boats with purse seine licence, by cargo capacity (according to licence)/place of registration of the boat. 1981	98
29. Spawning cod in Lofoten. Disposition of landings and participation. 1970 - 1981	100
30. Finnmark young cod fisheries. 1975 - 1981	101
31. Small-whale catching. 1968 - 1981	102
32. Sealing. 1976 - 1981	103
33. Total catch of salmon. 1966 - 1981. Tons live weight	104

	Page
34. Total catch of salmon caught within the limit of the fishing zone, by size/county. 1974 - 1981. Tons live weight	104
35. Rearing of fish. Working units slaughtering salmon and/or rainbow trout and slaughtered quantity. County. 1971 - 1981	105
36. World catch of fish by main groups of fish species. Figures for important countries. 1979 - 1980. 1 000 tons	106
37. World catch of fish by disposition. 1972 - 1980. Million tons live weight	108
<u>3. Processing, exports and imports</u>	
38. Establishments and engaged persons in fish processing industry, by industry group. 1974 - 1980	111
39. Establishments, engaged persons, value added etc. in fish processing industry, by industry group. County. 1980	112
40. Production of fish products in large establishments, by industry group and commodity group. 1980. Quantity and value	114
41. Exports of fish products by buying country and commodity group. 1981. Million kroner	116
42. Exports of fish products. Quantity and value for the 3 most important buying countries by commodity group. 1981	118
43. Imports of fish products by the most important buying countries and commodity group. 1981. Million kroner	120
<u>4. Economic results, aggregate account, subsidies etc.</u>	
44. National account figures for fishery. 1976 - 1981. Million kroner	125
45. Aggregate account of fishery. 1976 - 1981. Million kroner	126
46. Operating results of whole-year operated fishing boats over 40 feet. 1970 - 1981	127
47. Operating results of whole-year operated boats more than 40 feet, by fishery. 1981. Average per boat	127
48. Government subsidies by main groups. 1965 - 1981. Million kroner	130
49. Registered loans to fishing, sealing and whaling by 31 December. 1975 - 1981. Million kroner	132
50. Temporary compensation arrangement for damaged fishing gear as results of the petroleum activity on the continental shelf. 1976 - 1981	132

1. FISKARAR OG BATAR

1.1. Innleiing

Dette kapitlet gir eit oversyn over fiskarar og fiskebåtar som driv sjøfiske eller fangst.

I lov om registrering og merking av fiskefarty av 5. desember 1917 slår ein fast at alle farty som driv fiske eller fangst skal førast inn i eit merkeregister. For fiskebåtar større enn 50 fot treng ein og løyve frå Fiskeridirektoratet.

Deltakinga i sjøfisket er regulert gjennom desse 4 lovene: Kvalfangstlova av 16. juni 1939, selfangstlova av 14. desember 1951, lov om fiske med trål av 20. april 1951 og lov om regulering av deltaking i fisket av 16. juni 1972.

Desse lovene vert nytta når ein reknar det for naudsynt å tilpasse fangstkapasiteten til ressursgrunnlaget. Ved konsesjonar vert løyve til fiske og fangst avgrensa. Deltakinga i fisket er og regulert indirekte ved fangstreguleringar.

Kapittel 2.2 gir meir om dette.

For 1981 hadde ein følgjande konsesjonsordningar:

4 typar trålkonsesjonar.

Etter lov om fiske med trål treng ein alltid konsesjon ved fiske med trål. Det er fire ulike trålkonsesjonar bestemt av område og kva slag fiskeri. (Denne lova gjeld ikkje fiske med reketral, sjå reketralkonsesjon under.)

1. Uavgrensa trålkonsesjon

Slik konsesjon tillet trålfiske utan områdeavgrensing. Frå desember 1975 vert denne typen konsesjon gitt berre til båtar under 70 fot og 65 BRT.

2. Torsketralkonsesjon

Denne konsesjonen gir høve til å drive trålfiske, unntatt fiske etter industrifisk (kolmule, tobis, øyepål mv.) i Nordsjøen innafor området aust for 0-meridianen og sør for 64° n.br.

3. Industritralkonsesjon

Denne konsesjonen gjeld trålfiske etter industrifisk (øyepål, tobis mv.) sør for 64°00'n.br., - sei, hyse, torsk, kviting mv. i området sør for 65°00'n.br., - og trålfiske etter lodde, kolmule og polartorsk. Det skal ikkje reknast med kvote av norsk arktisk torsk nord for 62°00'n.br.

4. Særleg avgrensa trålløyve (loddetralkonsesjon)

Konsesjonen gjeld fiske med trål etter lodde og polartorsk, likeins etter kolmule vest av 0-meridianen, og aust av 0-meridianen i området nord for 62° n.br. (Før 2. mai 1980 var grensa 64° n.br.)

Reketralkonsesjon

Konsesjonsplikta gjeld båtar som skal fiske med trål etter reke og som er på minst 65 fot l.l., eller minst 50 BRT.

Ringnotkonsesjon

Konsesjonsplikta gjeld båtar som skal fiske med ringnot etter sild, makrell, lodde, kolmule eller brisling, og som er på minst 90 fot l.l., eller har ein lastekapasitet som er større enn 1500 hl. (Grensa for lastekapasitet blei innført i april 1978.)

Seinotkonsesjon

Konsesjonsplikta gjeld båtar på 90 fot l.l. eller meir som skal fiske etter sei med snurpenot.

Selfangstkonsesjon

Konsesjonsplikta omfattar all selfangst.

Kvalfangstkonsesjon

Konsesjonsplikta omfattar all kvalfangst.

Registreringsordning for brislingfiske

Plikta til slik registrering gjeld både for landnotbruk og for fiske med båt. Ordninga vart sett i verk 30. mars 1979.

Alle konsesjonar utanom sel- og kvalfangst, er gitt til ein bestemt person eller selskap for fiske med ein bestemt båt. Det vil seie at båten ikkje automatisk får med seg konsesjonen ved eigarskifte.

Konsesjonen for sel- og kvalfangst er knytta til person og ikkje til farty.

Alle konsesjonar er rettar gitt av det offentlege etter søknad. Desse rettane kan tapast dersom dei ikkje vert nytta. For dei fleste ordningar er reglane at konsesjonane ikkje må vere unytta i ein samanhengande periode på meir enn to år dersom dei ikkje skal tapast.

1.2. Statistiske kjelder

Fiskenemndene

Fiskeridirektoratet samlar inn årlege oppgåver frå dei kommunale fiskenemndene over talet på fiskarar i kommunane pr. 31/12. Desse oppgåvene byggjer i hovudsak på det kommunale fiskarmanntalet. Manntalet er delt i to. Blad B inneheld fiskarar med fiske som eineyrke eller hovudyrke og blad A inneheld attåtyrkefiskarane. Kvaliteten av oppgåvene varierer frå kommune til kommune. Det er grunn til å tru at tala omfattar ein del fiskarar som ikkje er aktive, og at ein del fiskarar som står på blad B etter reglane skulle stått på blad A. Dette kjem av at det ikkje er etablert faste rutinar for stryking av fiskarar i manntalet, og at rutiane varierer frå kommune til kommune.

Fiskeriteljingar

Statistisk Sentralbyrå har gjennomført fiskeriteljingar i 1948, 1960 og 1971. Desse teljingane gir dei mest pålitelege tala om fiskarar og båtar for dei åra det gjeld. Det er ikkje planlagt å halde noko ny fiskeriteljing.

Fiskarstatistikk 1975

Statistisk Sentralbyrå gjennomførte ei utvalsteljing i 1975 som gir talet på fiskarar. Det vart henta inn opplysningar frå alle fiskarar i eit utval av kommunar.

Registeret over merkepliktige norske fiskefarkostar

Alle båtar som vert nytta til yrkesmessig fiske skal vere med i merkeregisteret som vert ført av Fiskeridirektoratet. Reiarer har plikt til å melde båten inn i registeret ved kjøp og å melde han ut ved sal, kondemnering eller ved at båten går inn i anna verksemd enn fiske.

Det er vanskeleg å setje klare grenser for kva som er yrkesfiske. Registeret inneheld truleg mange opne båtar som ikkje tek del i fisket. Det er vanskeleg å seie noko om omfanget av dette, men Fiskeridirektoratet arbeider for å rette opp registeret.

Fiskeridirektoratet har gitt ut eit lite hefte som heiter "Fiskeflåten". Det siste heftet i denne serien gjeld 1981. Statistisk Sentralbyrå publiserer kommunetal frå merkeregisteret i serien Nye distriktstall.

Trålstatistikk

Fiskeridirektoratet gir årleg ut publikasjonen "Trålfiske" som omfattar dei båtane som driv tråling etter torsk og torskearta fisk. Oppgåvene byggjer på innsende fangstdagbøker og leveringsoppgåver frå trålarane.

Konsesjonsregister

I dei fiskeria der deltakinga er konsesjonspliktig, fører Fiskeridirektoratet register over båtane som har konsesjon.

1.3. Definisjonar

Fiskarmanntalet omfattar personar som driv sjøfiske, kval- eller selfangst. Medrekna er også mannskap på fiskebåtar sjølv om dei ikkje tek direkte del i fisket, t.d. stuartar og maskinistar.

På blad B i manntalet står dei fiskarane som ein reknar med vil drive fiske i 20 veker eller meir i løpet av året. Her skil ein mellom eineyrkefiskarar og hovudyrkefiskarar. Dette vert i hovudsak gjort etter skjøn i dei kommunale fiskenemndene eller det vert utrekna i Fiskeridirektoratet. På blad A står attåt yrkefiskarane. Organiseringa av fiskarmanntalet er under omarbeiding. Ein vonar med dette å betre kvaliteten.

I fiskeriteljingane er det nytta andre definisjonar og vi viser til publikasjonane frå desse teljingane. For 1971 gav skilnaden seg størst utslag i talet på eineyrkefiskarar som var om lag 6 000 høgare i manntalet enn i teljinga.

1. FISHERMEN AND FISHING BOATS

1.1. Introduction

This chapter gives a survey of fishermen and fishing boats participating in the sea fisheries. The participation is regulated by four laws which are used i.a. to adapt the catching capacity to the variable resources. Further details are given in chapter 2.2.

For 1980 following licences were in operation:

- Four types of trawl licences
- Two types of purse seine licences
- Licence for deep water prawn fishing, sealing and whaling

In addition comes an arrangement with registration for coastal sprat fishing.

All licences, except for sealing and whaling, are given to a person or company and for one particular boat. In other words, the licence does not automatically follow the boat at change of hand.

Licences for sealing and whaling are attached only to a person and not to the boat.

All licences are rights given by the Ministry of Fisheries on applications. These rights can be lost in case they are not used. For most arrangements the licence must not remain unused over a period of more than two years continuously in order to be valid.

1.2. Sources

The municipal fishery committees

The Directorate of Fisheries collects yearly information about the number of fishermen in the municipalities from the municipal fishery committees. This information is mainly based upon the municipal register of fishermen. This register consists of two files. File B contains fishermen with fishery as sole or main occupation, and file A contains fishermen with fishery as secondary occupation. The quality of the information varies among the municipalities. Probably the figures comprise some fishermen who are not active, and some fishermen in file B belong to file A according to the rules. The reason for this is lack of established routines for updating of the register.

Fishery Censuses

The Central Bureau of Statistics carried out fishery censuses in 1948, 1960 and 1971. The figures from these censuses represent the most reliable information about fishermen and fishing boats for these years. No new fishery census is planned.

Survey of Fishermen 1975

The Central Bureau of Statistics carried out a sample survey of fishermen in 1975 based upon information about fishermen within a random sample of municipalities.

Norwegian Register of Fishing Vessels

All boats which are used in commercial fishing are registered in the vessel register by the Directorate of Fisheries. The boat owner is obliged to report his boat to the register and report removal by sale, condemnation or if it enters other activities than fishery. For open boats the register probably contains boats which do not participate in commercial fishery. It is difficult to determine the size of this error, but the Directorate of Fisheries takes steps to improve the register.

The Directorate of Fisheries publishes a publication called "Fiskeflåten" (The fishing fleet), latest for 1981. The Central Bureau of Statistics has published figures for the municipalities in "Nye distriktstall" (New District Figures).

Trawl statistics

The Directorate of Fisheries publishes an annual publication called "Trålfiske" (Trawl fishing) which comprises boats trawling for cod fish. The figures are based upon catch and landings journals from the trawlers.

License register

In some fisheries participation is conditioned by license from the authorities. The Directorate of Fisheries records such licenses (see 1.1 Introduction).


1.3. Definitions

The municipal register of fishermen comprises persons who are engaged in sea fisheries, whaling or sealing. Crew on fishing boats are included even if they do not take part in fishing directly.

On file B in the register you will find fishermen supposed to engage in fishery for at least 20 weeks. File B is divided between fishermen with fishery as sole and main occupation. This division is estimated by the municipal fishery committees or by the Directorate of Fisheries. On file A you will find fishermen with fishery as secondary occupation. The structure of the municipal register of fishermen is being reorganized, which supposedly will improve the quality.

In the fishery censuses you will find other definitions and we refer to the publications for these censuses. In 1971 the number of fishermen with fishery as sole occupation was 6 000 higher in the register than in the census.

Figur 1. Fiskarar etter fiske som leveveg. 1948, 1960, 1971 og 1975 *Fishermen by fishery as source of livelihood. 1948, 1960, 1971 and 1975*



K j e l d e: NOS Fiskeritelling 1948, 1960, 1971 og NOS Fiskerstatistikk 1975.
 Source: NOS Fishery Census 1948, 1960, 1971 and NOS Sample Survey of Fishermen 1975.

Tabell 1. Fiskarar etter fiske som leveveg. 1971 - 1981 Fishermen by fishery as source of livelihood. 1971 - 1981

Ar Year	Fiskarar i alt Total number of fishermen	Fiske som leveveg Fishery as source of livelihood		
		Eineyrke Sole	Hovudyrke Main	Attåtyrke Secondary
1971	41 381	20 726	10 093	10 562
1972	38 320	18 239	9 955	10 126
1973	37 537	16 582	10 356	10 599
1974	36 406	18 667	7 725	10 014
1975	35 261	18 342	7 045	9 874
1976	33 264	18 292	6 498	8 474
1977	32 589	17 828	6 347	8 414
1978	33 599	18 230	6 450	8 919
1979	33 955	18 755	6 119	9 081
1980	34 789	19 425	5 715	9 649
1981	35 311	25 289		10 022

K j e l d e: Oppgaver frå dei kommunale fiskenemndene.
Source: Information from the municipal fishery committees.

Tabell 2. Fiskarar etter fiske som leveveg. Fylke. 1981 Fishermen by fishery as source of livelihood. County. 1981

Fylke County	I alt Total		Eineyrke og hovudyrke Sole and main occupation		Attåtyrke Secondary occupation	
	Fiskarar i alt Number of fishermen	Prosent Per cent	Fiskarar i alt	Prosent	Fiskarar i alt	Prosent
I alt Total	35 311	100	25 289	100	10 022	100
Østfold	447	1	319	1	128	1
Akershus	25	0	23	0	2	0
Oslo	27	0	27	0	-	-
Buskerud	31	0	21	0	10	0
Vestfold	150	0	91	0	59	1
Telemark	172	0	102	0	70	1
Aust-Agder	283	1	158	1	125	1
Vest-Agder	805	2	490	2	315	3
Rogaland	1 614	5	1 058	4	556	6
Hordaland	2 354	7	1 532	6	822	8
Sogn og Fjordane	2 084	6	1 466	6	618	6
Møre og Romsdal	6 053	17	4 930	20	1 123	11
Sør-Trøndelag	1 697	5	1 069	4	628	6
Nord-Trøndelag	999	3	501	2	498	5
Nordland	8 213	23	6 085	24	2 128	21
Troms	6 408	18	4 458	18	1 950	19
Finnmark	3 949	11	2 959	12	990	10

K j e l d e: Oppgaver frå dei kommunale fiskenemndene.
Source: Information from the municipal fishery committees.

Tabell 3. Fiskebåtar etter båttype og lengste lengd¹. 1976 - 1981. 31. desember Fishing boats by type of boat and longest length¹. 1976 - 1981. 31 December

Båttype Lengd ² Type of boat Length ²	1976	1977	1978	1979	1980	Samla avgang 1981 Total de- crease	Samla tilgang 1981 Total in- crease	Båtar pr. 31/12 1981 Boats per 31 December
I alt Total	28 586	24 847	25 180	25 874	26 504	2 691	2 871	26 684
Opne båtar i alt Open boats, total	20 727	17 230	17 317	17 869	18 279	1 738	1 608	18 149
Under 6 meter (19,1 fot) metres (19.1 feet)	8 033	7 002	7 274	8 000	8 366	763	930	8 533
6 - 7,9 meter (25,5 fot)	9 787	7 815	7 606	7 493	7 514	778	510	7 246
8 meter og over and over	2 907	2 413	2 437	2 376	2 399	197	168	2 370
Dekte båtar i alt Decked boats, total	7 859	7 617	7 863	8 005	8 225	953	1 263	8 535
Dekte båtar av tre Decked wooden boats	6 436	6 019	6 007	5 931	5 926	684	613	5 855
Under 10 meter (31,3 fot)	2 707	2 490	2 535	2 585	2 634	264	314	2 684
10 - 12,9 " (41,4 ")	1 427	1 323	1 334	1 319	1 348	167	162	1 343
13 - 19,9 " (63,7 ")	1 812	1 733	1 688	1 613	1 562	179	109	1 492
20 - 29,9 " (95,6 ")	439	423	405	381	357	64	26	319
30 meter og over	51	50	45	33	25	10	2	17

¹ For ein del båtar er lengste lengd ikkje gitt opp, og denne er då rekna ut frå kjenningslengda. Frå og med 1979 er denne utrekningsmåten forbetra. Dette fører med seg små endringar innan dei einskilte båtgruppene. ² Ein norsk fot = 0,3137 meter og ein engelsk fot = 0,3048 meter. Her vert norsk fot nytta.

¹ For some boats longest length is unknown and in these cases longest length is calculated from register length. As from 1979 the computerprogram is improved, with the result that a few boats changed their group compared with previous years. ² One Norwegian foot = 0.3137 metres and one English foot = 0.3048 metres. Here is Norwegian foot used.

K j e l d e: Registeret over merkepliktige norske fiskefarkostar.
Source: Norwegian Fishing Vessel Register.

Tabell 3 (framh.). Fiskebåtar etter båttype og lengste lengd¹. 1976 - 1981. 31. desember Fishing boats by type of boat and longest length¹. 1976 - 1981. 31 December

Båttype Lengd ²	1976	1977	1978	1979	1980	Samla avgang 1981	Samla tilgang 1981	Båtar pr. 31/12 1981
Dekte båtar av stål Decked steel boats	638	681	740	730	704	106	64	662
Under 20 meter	44	58	72	78	91	13	16	94
20 - 29,9 "	109	119	133	133	131	18	13	126
30 - 44,9 " (143,4 fot)	291	298	309	291	271	46	22	247
45 meter og over	194	206	228	228	211	29	13	195
Andre dekte båtar, vesentleg plast Other decked boats, mostly plastics	785	917	1 116	1 344	1 595	163	586	2 018
Under 8 meter	107	144	174	221	258	34	135	359
8 - 9,9 "	506	559	672	799	960	76	316	1 200
10 meter og over	172	214	270	324	377	53	135	459

¹ Sjå note 1, side 20. ² Sjå note 2, side 20.
¹ See note 1, page 20. ² See note 2, page 20.

Tabell 4. Fiskebåtar etter båttype og lengste lengd¹. Fylke. 1981

Båttype Lengd ²	I alt Total	Øst- fold	Akers- hus og Oslo	Buske- rud	Vest- fold	Tele- mark	Aust- Agder	Vest- Agder
I alt	26 684	375	54	27	209	190	339	980
Opne båtar i alt	18 149	260	33	14	144	147	277	818
Under 6 meter (19,1 fot)	8 533	49	7	3	18	3	25	158
6 - 7,9 " (25,5 ")	7 246	75	18	10	86	96	211	494
8 meter og over	2 370	136	8	1	40	48	41	166
Dekte båtar i alt	8 535	115	21	13	65	43	62	162
Dekte båtar av tre	5 855	93	17	12	43	32	41	122
Under 10 meter (31,3 fot)	2 684	21	1	1	6	5	5	14
10 - 12,9 " (41,4 ")	1 343	22	7	5	17	15	9	20
13 - 19,9 " (63,7 ")	1 492	48	8	6	20	10	25	74
20 - 29,9 " (95,6 ")	319	2	1	-	-	2	2	13
30 meter og over	17	-	-	-	-	-	-	1
Dekte båtar av stål	662	-	2	1	-	-	2	3
Under 20 meter	94	-	1	1	-	-	2	1
20 - 29,9 "	126	-	-	-	-	-	-	2
30 - 44,9 " (143,4 fot)	247	-	-	-	-	-	-	-
45 meter og over	195	-	1	-	-	-	-	-
Andre dekte båtar, vesentleg plast	2 018	22	2	-	22	11	19	37
Under 8 meter	359	5	-	-	4	1	3	2
8 - 9,9 "	1 200	10	1	-	14	7	12	18
10 meter og over	459	7	1	-	4	3	4	17

¹ Sjå note 1, side 20. ² Sjå note 2, side 20.

K j e l d e: Registeret over merkepliktige norske fiskefarkostar.

Tabell 5. Fiskebåtar og tonnasje, etter båttype. Fylke. 1981

Båttype	I alt Total	Øst- fold	Akershus og Oslo	Buske- rud	Vest- fold	Tele- mark	Aust- Agder	Vest- Agder	Roga- land
Alle båtar									
Tal båtar	26 684	375	54	27	209	190	339	980	1 380
Tonnasje. Bruttotonn ..	342 784	3 096	1 116	257	1 382	1 237	1 960	6 861	22 534
Opne båtar									
Tal båtar	18 149	260	33	14	144	147	277	818	964
Tonnasje. Bruttotonn ..	52 523	1 183	116	47	569	627	985	2 974	3 913
Dekte båtar i alt									
Tal båtar	8 535	115	21	13	65	43	62	162	416
Tonnasje. Bruttotonn ..	290 261	1 913	1 000	210	813	610	975	3 887	18 621
Dekte båtar av tre									
Tal båtar	5 855	93	17	12	43	32	41	122	235
Tonnasje. Bruttotonn ..	88 333	1 740	299	204	661	522	821	3 279	5 836
Dekte båtar av stål									
Tal båtar	662	-	2	1	-	-	2	3	58
Tonnasje. Bruttotonn ..	187 555	-	682	6	-	-	30	321	11 865
Andre dekte båtar, vesentleg plast									
Tal båtar	2 018	22	2	-	22	11	19	37	123
Tonnasje. Bruttotonn ..	14 373	173	19	-	152	88	124	287	920

K j e l d e: Registeret over merkepliktige norske fiskefarkostar.

Fishing boats by type of boat and longest length¹. County. 1981

Roga-land	Horda-land	Sogn og Fjordane	Møre og Romsdal	Sør-Trøndelag	Nord-Trøndelag	Nord-land	Troms	Finnmark	Type of boat Length ²
1 380	1 868	1 713	2 603	1 295	848	6 711	4 929	3 163	Total
964	1 205	1 280	1 610	907	642	4 123	3 621	2 104	Open boats, total
118	130	310	337	268	321	2 543	2 709	1 534	Under 6 metres (19.1 feet)
510	810	653	779	523	297	1 422	787	475	6 - 7.9 " (25.5 ")
336	265	317	494	116	24	158	125	95	8 metres and over
416	663	433	993	388	206	2 588	1 308	1 059	Decked boats, total
235	310	259	513	278	167	2 132	823	778	Decked wooden boats
51	129	86	186	149	79	1 146	426	379	Under 10 metres (31.3 feet)
54	71	76	177	72	55	385	152	206	10 - 12.9 " (41.4 ")
93	72	76	103	48	31	513	199	166	13 - 19.9 " (63.7 ")
37	37	21	46	8	2	82	41	25	20 - 29.9 " (95.6 ")
-	1	-	1	1	-	6	5	2	30 metres and over
58	73	51	214	17	6	74	95	66	Decked steel boats
9	6	7	30	2	3	11	8	13	Under 20 metres
12	10	3	40	4	2	17	22	14	20 - 29.9 " (63.7 ")
32	16	33	86	5	-	21	36	18	30 - 44.9 " (143.4 feet)
5	41	8	58	6	1	25	29	21	45 metres and over
123	280	123	266	93	33	382	390	215	Other decked boats, mostly plastics
4	32	18	46	19	8	83	104	30	Under 8 metres
73	182	80	164	58	18	229	203	131	8 - 9,9 " (25.5 ")
46	66	25	56	16	7	70	83	54	10 metres and over

¹ See note 1, page 20. ² See note 2, page 20.

Source: Norwegian Fishing Vessel Register.

Fishing boats and tonnage, by type of boat. County. 1981

Horda-land	Sogn og Fjordane	Møre og Romsdal	Sør-Trøndelag	Nord-Trøndelag	Nord-land	Troms	Finnmark	Type of boat
1 868	1 713	2 603	1 295	848	6 711	4 929	3 163	All boats
45 949	20 995	79 501	11 532	4 366	60 350	50 951	30 697	Number of boats
								Tonnage. Gross tons
1 205	1 280	1 610	907	642	4 123	3 621	2 104	Open boats
4 549	4 525	6 006	2 847	1 650	9 815	7 951	4 766	Number of boats
								Tonnage. Gross tons
663	433	993	388	206	2 588	1 308	1 059	Decked boats, total
41 400	16 470	73 495	8 685	2 716	50 535	43 000	25 931	Number of boats
								Tonnage. Gross tons
310	259	513	278	167	2 132	823	778	Decked wooden boats
5 544	4 404	8 559	3 283	1 742	29 161	12 195	10 083	Number of boats
								Tonnage. Gross tons
73	51	214	17	6	74	95	66	Decked steel boats
33 946	11 252	63 027	4 728	739	18 693	28 082	14 184	Number of boats
								Tonnage. Gross tons
280	123	266	93	33	382	390	215	Other decked boats, mostly plastics
1 910	814	1 909	674	235	2 681	2 723	1 664	Number of boats
								Tonnage. Gross tons

Source: Norwegian Fishing Vessel Register.

Tabell 6. Fiskebåtar etter byggjeår, båttype og lengste lengd¹. 1981 Fishing boats by building year, type of boat and longest length¹. 1981

Båttype Lengd ² Type of boat Length ²	Båtar i alt Boats, total	Etter byggjeår By building year							Upp- gitt Un- known
		Før 1940 Before 1940	1940- 1949	1950- 1959	1960- 1969	1970- 1979	1980	1981	
I alt Total	26 684	1 853	1 806	4 858	6 622	9 063	977	808	697
Opne båtar i alt Open boats, total	18 149	748	1 076	3 632	4 887	6 194	625	385	602
Under 6 meter (19,1 fot) metres (19.1 feet)	8 533	148	267	914	2 304	4 038	375	231	256
6 - 7,9 meter (25,5 fot)	7 246	465	620	2 272	1 913	1 391	189	121	275
8 meter og over and over	2 370	135	189	446	670	765	61	33	71
Dekte båtar i alt Decked boats, total	8 535	1 105	730	1 226	1 735	2 869	352	423	95
Dekte båtar av tre Decked wooden boats	5 855	1 078	689	1 106	1 500	1 251	85	73	73
Under 10 meter (31,3 fot)	2 684	74	128	588	1 019	760	44	32	39
10 - 12,9 " (41,4 ")	1 343	416	247	126	156	318	31	31	18
13 - 19,9 " (63,7 ")	1 492	535	246	260	273	146	9	8	15
20 - 29,9 " (95,6 ")	319	52	65	122	50	27	1	2	-
30 meter og over	17	1	3	10	2	-	-	-	1
Dekte båtar av stål Decked steel boats	662	27	41	119	195	255	15	7	3
Under 20 meter	94	-	-	12	15	49	9	6	3
20 - 29,9 "	126	3	-	23	50	47	3	-	-
30 - 44,9 " (143,4 fot)	247	18	9	62	85	70	2	1	-
45 meter og over	195	6	32	22	45	89	1	-	-
Andre dekte båtar, vesentleg plast Other decked boats, mostly plastics	2 018	-	-	1	40	1 363	252	343	19
Under 8 meter	359	-	-	-	4	221	40	91	3
8 - 9,9 "	1 200	-	-	1	34	823	151	177	14
10 meter og over	459	-	-	-	2	319	61	75	2

¹ Sjå note 1, side 20. ² Sjå note 2, side 20.

¹ See note 1, page 20. ² See note 2, page 20.

K j e l d e: Registeret over merkepliktige norske fiskefarkostar.
Source: Norwegian Fishing Vessel Register.

Tabell 7. Trålkonsesjonar og deltakande trålarar i konsumtrålfisket, etter fylke/trålargruppe.
1978 - 1981¹ Trawl licences and participating trawlers, by county/trawler group.
1978 - 1981¹

Heimstadfylke Trålargruppe County of registration Trawler group	Trålkonsesjonar Trawl licences				Deltakande trålarar Participating trawlers			
	1978	1979	1980	1981 ^{2*}	1978	1979	1980	1981*
I alt Total	333	274	243	128	171	153	140	138
Fylke County								
Skagerrak-fylka	8	10	6	-	1	1	1	1
Rogaland	19	11	10	-	1	-	-	-
Hordaland	14	8	9	1	-	-	-	1
Sogn og Fjordane	12	5	5	3	5	3	4	2
Møre og Romsdal	112	86	69	31	59	52	44	47
Trøndelag	1	1	2	1	1	-	-	-
Nordland	50	48	46	31	34	35	32	32
Troms	65	55	49	29	36	29	29	25
Finmark	52	50	47	32	34	33	30	30
Trålargruppe Trawler group								
Ferskfisktrålarar Wet fish trawlers ...	311	253	223	108	150	132	121	114
0 - 99 BRT GRT	137	102	88	21	30	25	23	25
100 - 199 "	64	41	31	12	27	10	16	9
200 - 299 "	98	96	92	67	84	85	74	71
300 - 999 "	12	14	12	8	9	12	8	9
Saltfisktrålarar Trawlers which produce salted fish	8	8	8	9	7	8	7	9
0 - 299 BRT	-	-	-	-	-	-	-	-
300 - 999 "	8	8	8	9	7	8	7	9
Fabrikktrålarar Factory trawlers	14 ³	13	12	11	14 ³	13	12	12
0 - 999 BRT	11	10	9	8	11	10	9	9
1 000 - 1 999 "	3	3	3	3	3	3	3	3

¹ Omfattar uavgrensa trålløyve og torsketrålløyve etter definisjonar i kapittel 1.1. Talet på deltakande trålarar i 1979 - 1981 omfattar også eit mindre tal farty som har drive konsumtråling med industritrålløyve. ² Ein del farty fekk i 1981 innskrenka konsesjon slik at dei frå dette år ikkje inngår i konsesjonstala. F.o.m. 1981 gjeld konsesjonstala pr. 31/12 medan tala for tidlegare år omfattar alle konsesjonar i løpet av året. For 1981 vil såleis talet på deltakande farty vera høgere enn konsesjonstala pr. 31/12. ³ Berre 13 båtar på same tid.

¹ Comprises unrestricted trawl licences and cod trawling licences. Number of participating trawlers in 1979 - 1981 also include some boats with licence for trawling of fish for reduction purposes. ² Some of the boats were given limited licences in 1981, and will therefore not be registered in these figures. From 1981 the numbers of licences are per 31/12, while earlier including all the licences during the year. ³ Only 13 boats at the same time.

K j e l d e: Fiskeridirektoratet. Source: The Directorate of Fisheries.

Tabell 8. Reke-trålkonsesjonar¹. Båtar med og utan fryseri, etter båtens bruttotonnasje. Fylke. 31. desember 1981 Licences¹ for deep water prawn-trawling. Boats with and without cold storage plant, by tonnage. County. 31 December 1981

Fylke County	I alt Total	Med fryseri	Utan fryseri	50-99 BRT GRT		100-199 BRT		200-299 BRT		300 BRT og over GRT and over	
		With cold storage plant	Without cold stor- age plant	Med fry- seri	Utan fry- seri	Med fry- seri	Utan fry- seri	Med fry- seri	Utan fry- seri	Med fryseri	Utan fryseri
I alt Total	151	26	125	-	58	5	49	7	16	14	2
Vest-Agder	6	-	6	-	5	-	1	-	-	-	-
Rogaland	11	-	11	-	7	-	4	-	-	-	-
Hordaland	2	-	-	-	2	-	-	-	-	-	-
Sogn og Fjordane ...	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Møre og Romsdal	14	12	2	-	-	-	2	1	-	11	-
Sør-Trøndelag	4	-	4	-	2	-	2	-	-	-	-
Nord-Trøndelag	1	-	1	-	-	-	1	-	-	-	-
Nordland	25	1	24	-	16	-	7	1	1	-	-
Troms	61	11	50	-	17	4	22	4	10	3	1
Finnmark	27	2	25	-	9	1	10	1	5	-	1

¹ Gjeld båtar over 50 BRT.

¹ This concerns boats over 50 GRT.

K j e l d e: Fiskeridirektoratet. Source: The Directorate of Fisheries.

Tabell 9. Ringnotbåtar med konsesjon¹, etter båtens lastekapasitet (etter konsesjon). Fylke.
 31. desember 1981

Fylke County	I alt Total		Under 2 000 hl	
	Båtar Boats	Kapasitet Capacity	Båtar	Kapasitet
		Hl		Hl
I alt Total	193	1 173 800	8	13 550
Oslo	1	7 050	-	-
Rogaland	9	53 800	-	-
Hordaland	47	351 200	-	-
Sogn og Fjordane	10	49 850	-	-
Møre og Romsdal	56	338 850	-	-
Sør-Trøndelag	9	49 950	1	1 850
Nord-Trøndelag	2	18 550	-	-
Nordland	24	105 550	6	10 200
Troms	26	152 000	-	-
Finmark	9	47 000	1	1 500

¹ Nærare om ringnotkonsesjonar i kapittel 1.1.

K j e l d e: Fiskeridirektoratet.

Purse seine boats with licence¹, by cargo capacity (according to licence). County.
31 December 1981

2 000-3 999 h1		4 000-5 999 h1		6 000-7 999 h1		8 000-9 999 h1		10 000 h1 og over 10 000 h1 and over	
Båtar	Kapasitet H1	Båtar	Kapasitet H1	Båtar	Kapasitet H1	Båtar	Kapasitet H1	Båtar	Kapasitet H1
37	113 700	50	236 850	48	330 200	35	303 400	15	176 100
-	-	-	-	1	7 050	-	-	-	-
2	4 600	1	4 000	3	19 650	3	25 550	-	-
3	10 100	11	55 000	14	96 250	13	113 650	6	76 200
5	15 100	1	5 400	3	21 350	1	8 000	-	-
8	24 500	19	88 100	15	102 700	13	113 100	1	10 450
2	7 050	-	-	6	41 050	-	-	-	-
-	-	1	5 650	-	-	-	-	1	12 900
8	25 050	5	22 250	1	7 750	2	17 250	2	23 050
5	15 100	11	52 450	4	27 700	3	25 850	3	30 900
4	12 200	1	4 000	1	6 700	-	-	2	22 600

¹ Further about purse seine licences in chapter 1.1.

Source: The Directorate of Fisheries.

2. FANGSTEN

2.1. Innleiing

Dette kapitlet omfattar fangstar frå sjøfisket leverte av norske fiskarar i Noreg eller utanlands. Det er også teke med tabellar som viser utbytet av lakse- og sjøaurefiske, kval- og selfangst, fiskeoppal og utbytet av fiskeria i andre land.

2.2. Avtalar og fangstreguleringar

Noreg oppretta ei økonomisk sone på 200 n. mil 1. januar 1977 og ei fiskevernsone på 200 n. mil rundt Svalbard 15. juni 1978. Ved kongeleg resolusjon av 23. mai 1980 vart fiskerisona rundt Jan Mayen oppretta med verknad frå 29. mai 1980. I mangel av ei varig deleline mellom norsk og sovjetisk sone i Barentshavet, vart Noreg og Sovjetunionen 11. januar 1978 samde om ein mellombels avtale som regulerer fisket i grenseområda (Gråsoneavtale). Denne avtalen må fornyast kvart år. Det er eit generelt forbod for utlendingar mot å fiske i Noregs økonomiske sone.

Forskrifter av 13. mai 1977 gir heimel for å inngå avtalar med andre land som gir dei løyve til å fiske i Noregs sone. Det er inngått følgjande avtalar:

- Avtalar om gjensidige fangstrettar med den Europeiske Fellesskapen (EF), Sovjetunionen og Færøyane. Føremålet med desse avtalane er å opprette ein rimeleg balanse i det gjensidige fisket mellom avtalepartane. Sidan det er nødvendig med felles innsats for å sikre ei effektiv forvaltning av fiskearter som vandrar over sonegrensene, inneheld fiskeriavtalane med EF og Sovjetunionen reglar for samarbeid om forvaltninga av fellesbestandane i respektive Nordsjøen og Barentshavet. Avtalane gjeld i 10 år.
- Avtalar som sikrar fangstrettar for Sverige og Finland i Noregs økonomiske sone (nabolandsavtalar) Avtalane er inngått for 10 år.
- Avtalar som gir Aust-Tyskland, Polen, Portugal og Spania løyve til å fiske på overskottsbestandar i Noregs sone. Desse avtalane dekte ein overgangsperiode fram til slutten av 1980. Frå 1981 til slutten av 1986 er desse landa gitt fangstrettar på overskottsbestandar i Noregs økonomiske sone. Dette vil stort sett vere uer og kolmule.
- For Skagerrak og den nordlege delen av Kattegat har Noreg, Sverige og Danmark ein trerikesavtale frå 1967 som gjeld fram til 2002. Denne avtalen gir fiskarar frå dei tre landa høve til å kunne fiske inntil 4 n.mil frå grunnlinene i området utan omsyn til soneinndeling. Reguleringstiltak for området skal vere baserte på avtalar mellom dei tre landa. Sidan 1978 har EF forhandla på vegne av Danmark innafor ramma av trerikesavtalen.

Kvart år gir Det internasjonale havforskningsråd (ICES) sine tilrådingar for totalt fiske av dei einskilte fiskeslaga. Desse tilrådingane er utgangspunkt for drøftingar og konsultasjonar mellom Noreg og dei landa Noreg har inngått avtalar med. Nedafor følgjer eit oversyn over dei viktigaste reguleringane som vart sette i verk i 1981 etter slike drøftingar og konsultasjonar:

-Norsk-arktisk torsk

Bestanden av norsk-arktisk torsk er ein norsk-sovjetisk fellesbestand. I kvoteavtalen for 1981 mellom Noreg og Sovjetunionen vart totalkvoten sett til 260 000 tonn. I tillegg kjem 40 000 tonn norsk kysttorsk til Noreg og 40 000 tonn såkalla Murmansk-torsk til Sovjetunionen. Kvoten på 260 000 tonn vart fordelt slik at Noreg og Sovjetunionen kvar fekk 112 500 tonn. Dei resterande 35 000 tonna vart sette av til tredjeland. Av dette måtte 5 000 tonn takast i Svalbardområdet. Seinare bytte Noreg uer mot torsk og hyse med Sovjetunionen, og auka totalkvoten sin med 5 000 tonn torsk.

-Norsk-arktisk hyse

Bestanden av norsk-arktisk hyse er òg ein norsk-sovjetisk fellesbestand. I kvoteavtalen for 1981 mellom Noreg og Sovjetunionen vart totalkvoten fastsett til 110 000 tonn. Noreg fekk i alt ført over 20 000 tonn frå Sovjetunionen, og kunne fiske 70 000 tonn i 1981. Sovjetunionen fekk såleis ein kvote på 30 000 tonn. Dei resterande 10 000 tonna vart reserverte til tredje-land. Den norske trålarkvoten av hyse kom i alt opp i 36 500 tonn. Det norske hysefisket var elles ikkje underlagt nasjonale kvotereguleringar i 1981.

-Sei

Den nordlege seibestanden blir rekna som ein eksklusiv norsk bestand. Totalkvoten for sei nord for 62° N sett til 123 000 tonn i 1981. Det var inga kvoteregulering av det norske seifisket nord for 62° N, men andre land som fiska på bestanden fekk ei kvotetildeling på til saman 8 000 tonn.

Seibestanden sør for 62° N (Nordsjøen) er ein fellesbestand mellom Noreg og EF. Totalkvoten for 1981 var sett til 127 000 tonn. Noreg sin part var 66 000 tonn, av denne vart 6 000 tonn overført til EF-land og 3 550 tonn til land utanom EF.

-Blåkveite og uer nord for 62°N

Etter tilråding av ICESs fiskeriregulerings-komité og norske havforskarar vart det i 1981 fastsett at største tillatne fangstkvantumet av blåkveite kunne utgjere 12 000 tonn. Av dette kunne 9 000 tonn fiskast i Noregs økonomiske sone, og Sovjetunionen vart tildelt ein kvote på 2 000 tonn av dette, og andre land til saman 500 tonn.

På same grunnlag vart det største tillatne fangstkvantumet av uer fastsett til 89 000 tonn i 1981. Av dette var 70 000 tonn snabeluer og 19 000 tonn vanleg uer.

Av denne totalkvoten kunne 84 500 tonn fiskast i Noregs økonomiske sone. Av dette vart Sovjetunionen tildelt ein kvote på 57 000 tonn, og andre land 18 500 tonn i alt.

Det var ikkje kvotereguleringar i Noregs uer- og blåkveitefiske.

-Torsk, hyse og kviting i Nordsjøen

Etter avtale mellom Noreg og EF vart den totale fangstkvoten av desse 3 artene i 1981 sett til 510 000 tonn. Noreg sin del var 84 000 tonn. Av dette var 37 000 tonn torsk, 32 000 tonn hyse og 15 000 tonn kviting. Noreg hadde høve til å ta samla inntil 21 000 tonn torsk, hyse og kviting i EF-sona, mens EF-landa kunne ta samla inntil 68 000 tonn av desse artene i norsk sone.

-Lange, brosme, pigghå mv.

Noreg kunne ta 15 000 tonn lange, 1 000 tonn blålange, 5 000 tonn brosme og 6 000 tonn pigghå i EF-sona. I samhøve med den norsk-britiske fiskeriavtalen frå 1964 har Noreg i tillegg fram til 31. des. 1984, høve til å fiske higghå og brugde mellom 6 og 12 n. mil av kysten av Storbritannia.

Etter kvoteavtalen mellom Noreg og Færøyane kunne Noreg fiske med line og garn inntil 8 000 tonn botnfisk, vesentleg lange, blålange, brosme og sei, i Færøyanes sone i 1981. Etter fiskeriavtalen av 1976 mellom Noreg og Island fekk norske linefiskarar i 1981 høve til å fiske 2 000 tonn. Av dette kunne attåt-fangst av torsk utgjera 15 prosent.

-Makrell

Noreg og EF vart samde om at makrellfisket i Nordsjøen og Skagerrak skulle avgrensast til 40 000 tonn i 1981. Av totalkvoten disponerte Noreg 27 300 tonn. Av dette gav Noreg 1 100 tonn til andre land. Norske fiskarar kunne såleis totalt fange 26 200 tonn makrell i Nordsjøen og Skagerrak. I norsk sone nord for 62° N fastsette Noreg ein totalkvote på 10 000 tonn.

Kystfisket etter makrell vart avvikla utan kvotereguleringar. Ringnotfisket vart regulert m.a. med turkvotar innafor ein kvote på 11 200 tonn sør for 62° N og 10 000 tonn nord for 62° N.

